



2. klasse på Uskedal skule i skulestova på Haugland, med Kristian som skulemeister.

**2. klasse frå Uskedal skule fekk vera med på ein forkorta skuledag på Haugland skulemuseum i dag. Med namneopprop og merknader i protokollen kunne skuledagen ta til med salmesong og bibelsoga. Seinare vart det norsk og landkunna før friminutt med klatring i trea og leik på skuleplassen.**

Kontaktlærer Elisabet Amundsen og assistent Gunbjørg Eik hjelpte til. Kristian Bringedal var skulemeister med alpehua på. Den fyrste oppgåva vi skal finna ut av, er kor mange rom det er i Uskedal skule,- 30 eller kanskje 40 rom med stort og smått. I den vesle grendaskulen på Haugland er det berre eitt klasserom, eitt kammers, gang og lem. I uthuset finn vi utedo og skytja. Nokre timar før skuledagen starta vart det henta ved i uthuset og fyrt i oven. I skulestova vart vi kjende med bilete på veggene,- Jesus som gjekk i snikkarlære hos far sin, Josef, om mennene på Eidsvoll, om Grunnlova, Palestinakartet og lærarane frå eldre tider.

I dag var ein elev sjuk og kunne ikkje møta fram på skulen. Det vart skrive i dagboka. For ei veke sidan var nokre elevar borte frå skulen. Då var det potetopptak og ein måtte hjelpa til heime på garden. Det vart og kalla potetferie. Kuleramma var til god hjelp i reknetimen med pluss og minus. 'Ved vegen låg eit hus' var teksten vi brukte i songtimen. Skuledagen vart som vanleg avslutta med 'Fager kveldsol smiler'.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Elisabet Amuindsen